



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innhold

1. Innleiing	3
1.1 Plan for selskapskontroll	3
1.2 Former for selskapskontroll	4
2. Risiko- og vesentleganalyse	4
3. Metode	5
4. Oversikt over selskap.....	5
4.1 Oversikt over selskap innanfor § 80	5
4.2 Oversikt over selskap utanfor § 80	6
4.3 Oversikt over stiftingar	8
5. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden.....	9
5.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge	10
5.2 Selskapskontroll – uprioriterte prosjekt	10
6. Metode for gjennomføring av selskapskontroll	10
7. Rapportering.....	10

1. Innleiing

I følgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser. I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

”Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.”

Planen for selskapskontroll er basert på ein risiko- og vesentleganalyse som vart gjennomført i 2016.

1.1 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det;

”(..) minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert”.

Fylkestinget vedtar planen, medan kontrollutvalet bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og fylkeskommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap fylkeskommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemdar som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der fylkeskommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

1.2 Former for selskapskontroll

Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader.

Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

2. Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. I forhold til risiko er det spesielt desse forholda som er vurdert:

- A. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
- B. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
- C. Risiko for at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg det er å gjennomføre kontroll for fylkeskommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

- Fokus på økonomiske interesser for fylkeskommunen.
- Fokus på brukarperspektivet.

Vi har på bakgrunn av risiko- og vesentlegmomenta lagt følgjande kriterium til grunn for analysen:

1. Selskap der det er avdekka mulige risikoforhold
2. Selskap med berre offentleg eigarskap
3. Selskap som har eit samfunnsansvar
4. Selskap som leverer tenester som høyrer til det offentleg tenestetilbodet
5. Selskap som leverer verksemdskritiske tenester til fylkeskommunen,
6. Selskap som er heileigd av Sogn og Fjordane fylkeskommune
7. Selskap der fylkeskommunen har omfattande eigarinteresse i tal på aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
8. Storleiken på gevinst/tap potensialet
9. Etikk og omdømme

3. Metode

Dokumentinnsamling

Vi har innhente dokumentasjon om selskap som Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit eigarskap til. Dei mest sentrale dokumenta har vore fylkeskommunens årlege eigarmelding og årsrekneskap og årsmeldingar om selskapa. Informasjon i offentlege organ som Brønnøysund registeret og internett adresser som t.d. Purehelp¹ har også vore nytta.

Intervju/spørjeundersøking

Vi har gjennomført spørjeundersøking av sentrale politikarar og leiande personar i fylkeskommunen.

Prosessmøte med kontrollutvalet

Som ein del av prosessen har det vore sentralt å involvere kontrollutvalet. Innsamla informasjon om det einkilde selskap har vore drøfta med kontrollutvalet 25.08.2016 i møte før endelege rapport vert utarbeida.

Analyse

Innsamla informasjon har vore gjennomgått og vurdert for utarbeiding av rapporten.

4. Oversikt over selskap

Under følger ei oversikt over selskap Sogn og Fjordane fylkeskommune har eigarskap i og ei oversikt over stiftingar som er med i Eigarmeldinga til fylkeskommunen. Oversikta er basert på informasjon frå fylkeskommunen. Selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Sogn og Fjordane fylkeskommune full innsynsrett i.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eigardelar, eventuelt statleg eigarskap. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningslinjer o.l. Kontrollutvalet/fylkestinget kan inngå avtale med styret i disse selskapa om full innsyn for gjennomføring av t.d. forvaltningsrevisjon også i disse selskapa.

Den tredje tabellen er ei oversikt over stiftingar. Av fylkeskommunen si eigarmelding for 2015 går det fram at fylkeskommunen er med som opprettar, eller liknande i stiftingane i tabellen. Dei fleste av stiftingane har vald fylkes- og/eller kommunepolitikarar inn i leiinga i samsvar med vedtektene.

4.1 Oversikt over selskap innanfor § 80

Selskap	Selskapet sitt føremål ²	Eigardel
F1 Holding AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %

¹ Purehelp.no er en norsk business søkemotor som har som mål å eksponere norske bedrifter og tjenestetilbydere på en målrettet måte via Internett. Selskapets visjon og mål er er å kunne tilby attraktive og nyttige gratis tjenester til norsk næringsliv og offentlig sektor via Internett.

² Nokre selskap sine føremål er korta noko ned i denne tabellen.

Sogn og Fjordane Holding AS	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %
Sogn og Fjordane Teater L/L (aksjeselskap)	Teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.	80 %
Trivselshagen IKS	Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane.	50 %
Lutelandet Utvikling AS	Arbeide for utnytting av Lutelandet til industriføremål.	48 %
Sogn og Fjordane Revisjon IKS	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale foretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane.	42 %
Firda Billag AS	Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.	5 %
VIGO IKS	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere eller formidle levert naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.	1/19 del
Fjord Norge AS	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal av reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.	8,9%
Kommunekraft AS	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,31 %

4.2 Oversikt over selskap utanfor § 80

Selskap	Selskapet sitt føremål ³	Eigardel
Opplæringsfartøy AS	Eige og drive fiskefartøy på ideell basis i samhøve med aksjelova § 2-2 (2) hovudsakelig ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring	76,53 %
Fjord 1 AS	Sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemdar, å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er forretningsmessig interessant og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.	59 %
Fjord Invest Såkorn AS	Investering i konkurransedyktige såkornsbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.	50,58 %

³ Nokre selskap sine føremål er korta noko ned i denne tabellen.

Sogn og Fjordane Energi AS	Produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarande formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar. Selskapet skal drivast på forretnings-messig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.	48,15 %
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemdar lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.	38,17 %
Norsk Fjordhestsenter AS	Fremje fjordhesten som nasjonal rase gjennom å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansmiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg. Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.	33 %
In Via AS (Tidl. Sandane Industri L/L)	Å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartner.	32,05 %
Mentro AS (Tidl. Firda Produkt AS)	Å drive attførings-tenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.	30 %
Sogneprodukter AS	Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir og tilbod om varig sysselsetting for personar som treng det.	27,17 %
Origod AS	Drive industri og handelsverksemd for å sysselsette yrkesvalhemma. Verksemda er ei attføringsbedrift og NAV er verksemdas største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå muligheiter og utløyse ressursar hos dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.	24,20 %
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bivirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere en koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere en pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling.	22,42 %
Njøs Næringsutvikling AS	Drive med rådgjeving, produkt-/ marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.	22,20 %
Framtidsfylket AS	Drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemdar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen framtidsfylket.no, og anna rekrutteringsverksemd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemdar si interesse.	4 %
Innovasjon Norge	Å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og utløse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.	2,58 %
Botnaneset Industriselskap AS	Å leggje til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å leggje høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, blant anna gjennom deltaking i høyringsrundar og politiske prosessar.	0,62 %

Interoperabilitetstjenester AS	Utvikle og drive system som samlar inn, omarbeider og vidaresender data som nyttast i elektroniske støttesystem innan kollektivtransporten, her elektronisk billettering, informasjonssystem, datafangst, -omarbeiding og -distribusjon ol., samt tilhøyrande tenester og verksemd som står i samanheng med dette.	1 %
---------------------------------------	--	-----

4.3 Oversikt over stiftingar

Stifting	Stiftinga sitt føremål	Kommentarar
Stiftinga Singerheimen	Ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.	Årleg tilskot etter søknad. I 2011: kr. 250.000
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	Ingen
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	Ingen
Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Førde	Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset.	Ingen
Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling	Næringsdrivande stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i fylket.	Ingen
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	Alminneleg stifting. Å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald.	Fylkeskommunalt tilskot i 2014: kr 3 258 000,-. Får årlege tilskot frå fylkeskommunen.
Stiftinga Veslandsforskning	Alminneleg stifting. Å fremje forskning med tilknytning til Sogn og Fjordane, ved bl.a. å skaffe midlar til eller drive forskning og forskingsformidling. Det er og høve til å ta oppdrag utanfor fylket.	Årleg tilskot frå fylkeskommunen: kr 800 000,-
Stiftinga Røde Kors Nordiske United World College	Alminneleg stifting. Å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forskning, kurs og andre tiltak.	Ingen
Stiftinga Nynorsk Kultursentrum	Ideell stifting. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevingscenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.	Ingen
Stiftinga Langvin	Alminneleg stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik.	Ingen
Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter	Alminneleg stifting. Å arrangere konsertar som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av pedagogiske tiltak og turneformidling.	Årleg tilskot frå fylkeskommunen etter søknad. Kr 100 000,- i 2013.
Stiftinga Balejazz	Alminneleg stifting. Å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, herunder med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musistar og miljø som arbeider med jazz.	Årleg tilskot frå fylkeskommunen etter søknad. Tilskot 2011: Kr 200 000
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum	Alminneleg stifting. Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og Kunsthandverk i fylket	Konsolidert med Stiftinga musea i

	gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forskning og formidling.	Sogn og Fjordane i 2009.
Stiftinga Norsk Country-Treff	Alminneleg stifting. Norsk Country Treff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg country-treff i Gloppen kommune, med eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå.	Tilskot etter søknad. Tilskot 2014: kr. 849 000
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark	Alminneleg stifting. Å følge opp verdsarv-statusen for Nærøyfjordområdet som ei heilskapleg plattform for ei regional satsing på natur og kulturbasert verdiskaping.	Ingen
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	Alminneleg stifting. Å drive museum og å forvalte all drift ved museumsavdelingane, som ledd i gjennomføringa av den statlege museumsreforma (konsolidering.)	Årlege tilskot. Tilskot 2014: kr 15 837 000
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter	Alminneleg stifting. Å vere pådrivar for forskning på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt utval av kvernsteinsbort for framvising.	Tilskot frå fylkeskommunen i 2011: kr 1 000 000,-.
Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter	Norsk sjøfuglsenter skal bygge opp og drive informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.	Ingen

Oppsummering:

Fylkeskommunen hadde ved utgangen av september 2015 eigarskap i 21 aksjeselskap, tre interkommunale selskap, eitt gjensidig selskap (KLP) og eitt særlovsselskap (Innovasjon Norge). Av aksjeselskapa er to (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS) heileigd av fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette. Den fylkeskommunale eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Fylkeskommunen overtok aksjane i Fjord Norge AS i 2014. I tillegg vart fylkeskommunen medeigar i Interoperabilitetstjenester AS. Desse selskapa er teke inn i Eigarmeldinga 2015.

Fylkeskommunen er med i fleire interkommunale samarbeid og er medstiftar i 18 stiftingar.

5. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike områda, og avgjort rekkefølga for selskapskontrollprosjekt i planen som blir lagt fram for fylkestinget. Prosjekta i lista nedanfor er sett opp i prioritert rekkefølge. Vidare er det satt opp ei liste over uprioriterte prosjekt

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering, velje ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vere aktuelt.

5.1 Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge

Prioritet	Selskap/Prosjekt
1	Sogn og Fjordane Teater LL
2	Trivselshagen IKS
3	Vigo IKS

5.2 Selskapskontroll – uprioriterte prosjekt

Selskap/prosjekt
Opplæringsfartøy AS
Fjord Invest Såkorn AS
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS
Gulen og Masfjorden Utvikling AS
Opplæringsfartøy AS

6. Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart enkelt tilfelle avgjøre kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

7. Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomført og resultatane av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.